
Saksnr: 2020/77152-21
Saksbehandlar Arild Knapskog
Dato: 26.02.2021

Til: Vestland ungdomsutval
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv er i gong, og forslag til planprogram var oppe i hovudutval for kultur, idrett og integrering 17. februar og fylkesutvalet 3. mars. Forslaget vert sendt på høyring med høyringsperiode fram til 20. april. Planprogrammet vert etter planen vedteke av fylkesutvalet 22. juni.

Seksjon for inkludering, strategi og analyse ynskjer å kople på medverknadsorgana både på fylkes- og kommunenivå, ved å arrangere digitalt høyringsmøte for medverknadsorgana. Målet er å involvere råda, og påverke plan- og handlingsprogram på ein slik måte at planen vert relevant for dei gruppene som skal involverast. Det er også eit mål at vi gjennom det arbeidet her kan utveksle idear og erfaringar, og gi gode innspel til prioriteringar i kommunane. Det vart sendt ut ein e-post 26. februar til leiarane i dei tre fylkeskommunale medverknadsorgana med førespurnad om deltaking i eit slikt høyringsmøte, der alle har svart positivt til å delta.

Tidspunktet for eit slikt møte må vere innan høyringsperioden går ut 20. april. Tidsramma for sjølve møtet er på to timar der det blir presentasjon av forslag til planprogram, informasjon om regional planlegging, opning for spørsmål, førebudde spørsmål og utfordring til vidare arbeid.

Vedlagt ligg saka som var oppe i fylkesutvalet 3. mars og utkast til planprogram.

Vedlegg

- 1 Varsel om oppstart av planarbeid og vedtak om utlegging av utkast til planprogram - Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 til offentlig ettersyn
- 2 Utkast planprogram - Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035